

MASFJORDINGEN



Masfjorden sokn gjev ut meldingsbladet
i samarbeid med Masfjorden kommune



GUDSTENESTER

22.juni

Frøyset kyrkje kl.11:00

Gudsteneste v/Torbjørn Sæle og Boris Kuprijanov.
Nattverd. Kyrjekaffi. Takkoffer til Bildøy bibelskole

29.juli

Fjon fjellkyrkje kl.19:00

Olsokgudsteneste for heile prostiet
v/ Ole Marton Ølberg og Ove Danielsen
Olsokfeiring med sal av rømmegrøt og kaffimat,
åresal og litt program etter gudstenesta.

10.august

Frøyset kyrkje kl.11:00

Gudsteneste v/Torbjørn Sæle og muskar
Kyrjekaffi. Avslutning ikon-utstilling
Solrunn Nes deltek. Takkoffer til NMS

17.august

Sandnes kyrkje kl.11:00 SUPERSØNDAG

Familiegudsteneste med dåp, konfirmantpresentasjon
og utdeling av bok til 6-åringane
v/Torbjørn Sæle, Boris Kuprijanov og
Alf Holmaas Helland.
Kyrjekaffi. Takkoffer til Fjon fjellkyrkje

24.august

Stordalen fjellstove kl.15:15

Friluftsgudsteneste v/Torbjørn Sæle i samband med
Bjørn West-marsjen.
Takkoffer til Fjon fjellkyrkje

31.august

Solheim kyrkje kl.11:00 SUPERSØNDAG.

Familiegudsteneste med konfirmantpresentasjon
og utdeling av bok til 6-åringane
v/Torbjørn Sæle, Boris Kuprijanov og
Alf Holmaas Helland.
Kyrjekaffi. Takkoffer til Fjon fjellkyrkje

31.august

Frøyset kyrkje kl.16:15 SUPERSØNDAG

Familiegudsteneste med konfirmantpresentasjon
og utdeling av bok til 6-åringane
v/Torbjørn Sæle, Boris Kuprijanov og
Alf Holmaas Helland.
Kyrjekaffi. Takkoffer til Fjon fjellkyrkje

14.september

Sandnes kyrkje kl. 11:00

Gudsteneste. 50-årskonfirmant-jubilæum
v/Torbjørn Sæle og Boris Kuprijanov
Nattverd. Kyrjekaffi. Takkoffer til Fjon fjellkyrkje

21.september

Frøyset kyrkje kl. 11:00

Gudsteneste v/Torbjørn Sæle og Boris Kuprijanov
Nattverd. Kyrjekaffi. Takkoffer til IKO

28.september

Solheim kyrkje kl. 19:00

Songkveld v/Torbjørn Sæle, Boris Kuprijanov og
forsongargruppa.
Kyrjekaffi. Takkoffer til kulturarbeid i kyrkjene i
Masfjorden

Det kan kome endringar.

*Oppdatert informasjon om gudstenestene i
Masfjorden finn du i kalenderen på nettsida vår:
www.masfjorden.kyrkja.no*



Olsokfeiring

for heile Nordhordland



Fjon fjellkyrkje

tysdag 29. juli 2025 kl. 19.00



- Gudsteneste ved Ole Marton Ølberg og Ove Danielsen
- Sal av rømmegrøt og kaffimat (150 kr)
- Åresal og litt program
- Avslutning ved bålpanna



*Arr: Lindås sokn i samarbeid med styret for
foreninga Fjon fjellkyrkje og ungdomssenter*

KYRKJELEGE HENDINGAR

DØYPTE:

30.03.2025 Evelyn Hansson

Sandnes kyrkje

Foreldre:

Linda Iren Hansson og Svein Bjarte Kvingedal

30.03.2025 Serina Skuggedal Andvik

Sandnes kyrkje

Foreldre: Margrete Skuggedal Andvik og Oddbjørn Skuggedal

30.03.2025 Ingelin Baarøy-Kvinge

Sandnes kyrkje

Foreldre:

Gro Serine Baarøy og Kristian Skjelanger Kvinge

Saman med kyrkjelyden vår og heile kyrkja har foreldre og fadrar fått del i eit heilagt ansvar: Å visa omsorg for borna, be for dei, læra dei sjølv å be og hjelpe dei til å bruka Guds ord og delta i den heilage nattverden, så dei kan leva og veksa i den kristne trua.

VIGDE

24.05.2025

Elise Kvamme Andersen og Arild Haugsvær

Sandnes kyrkje

Sjå til dei i nåde, og styrk dei med din Ande, så dei i gode og onde dagar set si lit til deg, held trufast saman og hjelper kvarandre fram mot det evige livet.

DØDSFALL:

27.04.2025 Sylvia Elisabeth Ynnesdal, f. 1931

05.05.2025 Bjørg Holmaas, f. 1935

Jesus seier: Eg er oppstoda og livet. Den som trur på meg, skal leva om han så døyr. Og kvar den som trur på meg, skal i all æva ikkje døy.

DUGNAD FOR FJON FJELLKYRKJE

Det vert dugnad på Fjon fjellkyrkje laurdag 21. juni. Alle som har høve til å møta er velkommen til arbeid og kjekt fellesskap ute og inne. Her trengs det villige hender av alle slag og i kort eller lengre tid.

Det vert arbeid inne og ute som vasking, maling, arbeid med ved, vedlikehald belegningsstein m.m. Det er fint med påmelding til dugnadssjef Arve Husa, mobil 48 09 57 30 eller epost iva-husa@online.no om du kan vera med. Han kan også kontaktast om du har spørsmål i samband med dugnaden.

Fjon fjellkyrkje er eigd av Masfjorden sokn og drifta av foreininga Fjon fjellkyrkje og ungdomssenter.

Det er også mogleg å støtta arbeidet ved fjellkyrkja ved å gje ei gåve, på Vipps nr 945857. Akkurat no er det også ute ein Spleis-innsamling til ny energisparande belysning i Fjon Fjellkyrkja og Ungdomssenter. På biletet ser du nokre av dei nye lampane som akkurat er på plass.




Tekst: Torbjørn Sæle

Foto: Knut Fyllingsnes



Barnas



PRIKK TIL PRIKK

Teikn ein strek frå prikk til prikk. Kva skjuler seg her?

FINN FEM FEIL

Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet under?



Teikning: TREVOR KEEN



KRYSSORD

Bruk Det nye testamentet i Bibelen for å komme fram til løysingsordet.

Du finn Bibelen på internett også! Sjå bibel.no


1.						Dyr i Johannes openberring 4,7
2.						Salte dropar i 2. Korintarbrev 2,4
Mann i Lukas 5,27	3.					
Dei som skapar fred i Matteus 5,9	4.					
5.						Landområde i Johannes 4,4
Gåve i Matteus 2,11	6.					
Landområde i Apostelgjerningane 21,2	7.					
Himmelretning i Matteus 8,11	8.					



Gi bladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00



– Doktor, eg trur eg treng briller.
– Det trur eg på!
For du er ikkje hos legen, du er på McDonald's.

Vitsar

Kvifor har reven pels?
Svar: Den vil ikkje gå i berre underbuksa.



Søndagsskolen – mer enn du tror

DÅPSSKULE

Siste dåpskulen for i år vart gjennomført 29. og 30. april i Solheim og Sandnes kyrkjene. Begge stadane var det godt frammøte. Nytt av året var at Frøyset og Sandnes vart samanslått til ei gruppe og hadde felles dåpsskule på Sandnes då det var ganske få barn frå nordsida.

I år laga dei eit felles kunstbilde av ei kyrkje, som skal avdukast på Supersundag i august. Det vart laga bilde i alle tre kyrjekrinsane, så det blir også å finna i Frøyset kyrke.

Tema denne gongen var Jesus og barna, og det blei godt for både liten og stor å bli påminna om at Jesus bryr seg om alle barn, også dei meir høglydte.

Tekst og foto: Else Iren Westervik



SMÅBARNSTRALL PÅ SJUKEHEIMEN

Avslutninga før sommaren på småbarnstrall vart halden på sjukeheimen torsdag 22. mai. Det blei nok eit magisk møte mellom fleire generasjonar og høgdepunktet var nok når «stortrallarane» dansa rundt med «småtrallarane» i ein innøvd dans. Dette resulterte i spontan applaus frå bebuarane på heimen. Gåsehud!

Seinare vart det tid til både svele og kaffi og prat før ferja gjekk. Småbarnstrallen takkar for seg og ønskjer alle god sommar

Tekst: Else Iren Westervik

Foto: Eldbjørg Mjanger



Sommarkyrkja i Nordhordland prosti 2025

Austrheim

29.06 Austrheim 12:00
20.07 Austrheim 17:00
03.08 Austrheim 12:00
17.08 Fønnesdagen 12:00
Friluftsgudsteneste
31.08 Austrheim 12:00

Fedje

29.06 Fedje 16:30
03.08 Fedje EM havfiske
17.08 Fedje 16:30
31.08 Fedje 16:30

Gulen

22.06 Brekke 11:00
03.08 Brekke 11:00
03.08 Gulen 16:00
31.08 Mjømna 11:00
31.08 Gulen 16:00

Knarvik

22.06 Knarvik 11:00
29.06 Alversund 11:00
06.07 Knarvik 11:00
13.07 Seim 11:00
20.07 Knarvik 11:00
27.07 Alversund 11:00
03.08 Knarvik 11:00
10.08 Seim 11:00
17.08 Knarvik 11:00
24.08 Knarvik 11:00
31.08 Alversund 11:00
31.08 Alversund 13:00
Dåpsgudsteneste
31.08 Knarvik 18:00
Solidaritetsgudst.

Lindås

22.06 Hundvin 11:00
13.07 Lindås 11:00
10.08 Myking 11:00
24.08 Lindås 11:00
31.08 Hundvin 11:00

Masfjorden

22.06 Frøyset 11:00
29.07 Fjon Fjellkyrkje
19:00 Olsokstemne
10.08 Frøyset 11:00
17.08 Sandnes 11:00
24.08 Stordalen fjellstove
15:15 Friluftsgudst.
Bjørn West-marsjen
31.08 Solheim 11:00
31.08 Frøyset 16:15

Meland

22.06 Meland 11:00
29.06 Meland 11:00
06.07 Meland 11:00
13.07 Meland 11:00
20.07 Meland 11:00
27.07 Meland 11:00
03.08 Meland 11:00
10.08 Meland 11:00
17.08 Meland 11:00
24.08 Meland 11:00
31.08 Holmeknappen
11:00 Friluftsgudst.

Mo

06.07 Mo 11:00
10.08 Mo 11:00

Osterfjorden

22.06 Ostereidet 11:00
20.07 Ostereidet 11:00
17.08 Ostereidet 11:00
24.08 Hjelmås 11:00
31.08 Vike 11:00
31.08 Ostereidet 16:00

Radøy

22.06 Manger 11:00
22.06 Manger 13:00
Dåpsgudsteneste
29.06 Sæbø 11:00

06.07 Emigrantkyrkja 11
Utvandringsfestival
10.08 Manger 11:00
17.08 Manger 11:00
Tensing-treff
24.08 Hordabø 11:00
31.08 Manger 11:00

Solund

20.07 Indrevær bedehus
13:00 Familiegudst.
og basar
27.07 Solund 11:00
10.08 Hervik 11:00
10.08 Solund 16:00
17.08 Husøy 12:00
24.08 Solund 11:00

Open kyrkje

Austrheim: Torsdag – søndag kl. 14-18 i juli.

Fedje: 23. juni – 10. august kl. 10-20.

Gulen: Alle dagar kl. 10-18 i juli.

Sjå elles info på heimesida www.kyrkja.no/gulen

Manger: Veke 26, 27 og 28. Mandag og onsdag 11-14.

Utvandringsfestival

Emigrantkyrkja på Radøy 6. juli kl. 11 Gudsteneste og 200 årsmarkering. Biskop Ragnhild Jepsen og lokale krefter. Meir info: kyrkja.no/radoy

Ikonutstilling i Frøyset kyrkje

Solrunn Nes sin rosenkrans-serie med 20 ikon. Opning 23. juli kl. 19. Deretter ope torsdag-fredag kl. 16-20, og lørdag-søndag kl. 15-18 fram til 9. august. Avslutning etter gudstenesta 10.8. Fri entré.

Olsokfeiring

Fjon Fjellkyrkje tysdag 29. juli kl. 19 Gudsteneste v/ Ole Marton Ølberg og Ove Danielsen. Sal av rømmegraut/kaffimat, åresal og litt program, avslutning v/ bålpanna.

Solidaritetsgudsteneste

31. august Knarvik kyrkje kl. 18 v/ Tone Marit Øvretveit Dyrkolbotn. Gjest: Bordtennisspelar Tommy Urhaug.

Konsertar

26. juni – 24. juli: Meland kyrkje torsdagar kl. 12 (obs 3. juli kl. 14). Sommarmusikk ved Magnus Blom, piano. Følg med på Facebook: Meland kyrkjelyd.

9. juli Meland kyrkje kl. 19 Musikkandakt ved domkirkeorganist Sigurd Melvær Øgaard.

1. august Knarvik kyrkje kl. 21 Sommarkonsert med SKRUK.

23. august Solund kyrkje kl. 17:30 Helene Bøksle.

27. august Meland kyrkje kl. 19 Musikkandakt. Kristin Mestad, song, Magnus Blom, orgel og piano. Salmar og piano-musikk.

29. august Knarvik kyrkje kl. 19 NORDIC TENORS "A la carte".



Sandnes kyrkje. Foto T. Sæle

www.skjerikyrkja.no

Her finn du oversikt over kyrkjelege arrangement i heile landet. Slik kan du halde deg oppdatert på kva som skjer i kyrkjelyden der du bur eller der du er på ferie.



DEN NORSKE KYRKJA

KVEN ER JESUS - FOR DEG?

Viss du fekk dette spørsmålet: Kven er no Jesus for deg? Kva ord vil du då bruka om han? Korleis ser du han for deg?

Nokon tenker kanskje på Jesus-barnet i krybba, det naturlege midtpunktet i juleforteljinga. Eller kanskje går tankane til påska og Jesus på korset? Eller den levande og oppstadne som viser seg igjen, slik som på altertavla i Solheim kyrkje. Ein inviterande Jesus som seier: «Kom til meg» Ein som står der med opne armar og samlar folk rundt seg.

Så kan vi sjå for oss Jesus som ein som stoppar opp og tek seg tid til den enkelte - og til meg. Som bryr seg om dei små, tek barna inn til seg, legg hendene på dei og velsignar dei, slik vi òg får eit møte med Jesus gjennom dåpen.

For mange er Jesus ein venn, ein som er der tett ved sida, ja, som omgir oss på alle sider. Ein vi kan få lov til å følga. Ein som alltid er der. Alle dagar og alle slags dagar. Og eg trur vi treng han, både unge, vaksne og eldre.

Livet kan nokre gongar vera skikkeleg kjipt og andre gongar heilt fantastisk. Det er litt som ei berg-og-dal-bane, med kribling i magen, det går opp og det går ned. Slik trur eg det også var for dei som levde i Midtausten for rundt 2000 år sidan. Også den gongen handla det om å finna seg venner, om å læra og utvikla seg og spørsmål og tru og tvil. For heilt vanlege folk, som likte å fiska og som var glad i familien sin, og som kunne finna på å prøva noko nytt, utforska nye ting.

Slik som Peter. Ungdomen og fiskaren Peter, som kastar seg utpå når han møter ein mann som seier «Følg meg». Peter tar sjansen på å bli kjent med denne Jesus. Peter lærer mange nye ting og får nye utfordringar. Og på vegen stiller Peter spørsmål og har sine tankar, Peter grublar, er fortvila, synes det kan vera litt vanskeleg å forstå dette som Jesus snakkar om. Og han trakk i salaten, går på trynet, og sviktar og bannar på at han ikkje kjenner Jesus.



Eg trur apostelen Peter – ein av dei tolv nærmaste rundt Jesus – er ein vi kan kjenna oss igjen i. Eit menneske, som oss. Ein som får lov til å høyra til, der i flokken rundt Jesus. Med sine feil og manglar. Og som undervegs oppdaga noko viktig. At Jesus ikkje berre var ein mirakelmann, men sjølvaste Messias, frelsaren, den folket hadde venta på i hundrevis av år. «Du er Messias!» sa Peter som eit uttrykk for si tru på Jesus. Vi har truvedkjenninga som vi brukar kvar einaste gudsteneste. Så kan vi òg få finna vår måte å seia til Jesus kven han er for oss, gi vårt svar – vår takk og vår bønn, slik vi gjennom konfirmantåret har gjort ved å skriva i Konfloggen, ved å vera litt stille, synga, be og tenna lys.

Kven er Jesus for meg?

Jesus er ein venn. Han er ein eg vil følgja. Han er ein som sa ganske mykje fornuftig og som ofra alt for meg. Og som til og med var Messias – og «Herre over dødens makt».

Eg håpar du også – som Peter i Bibelen, og meg og mange, mange andre, både der vi bur og rundt om i verda, vil ha Jesus som ein venn, ein du vil følgja. Ein som kan få vera din Messias, frelsar. Ein du kan tru på og læra av. På festdagar, og når livet er skikkeleg tungt og vanskeleg og du ikkje ser klart kor vegen går vidare. At Jesus kan vera ein som er der – og leier deg - som omgir deg på alle sider, og held deg fast – i si hand.

Dette er ein omarbeidd og forkorta versjon av preika på årets konfirmasjonsgudstenester.
Torbjørn Sæle, sokneprest

KONFIRMANTAR 2025



Konfirmantar Solheim kyrkje 27. april

Foto: Anbjørg Berg Dyrhovden

Frå venstre:

Leah Maddelen Heimdal
Maja Storsæter Hope
Emma Serine Solheim Sandvik
Isak Tynning Nystrand
Kristin Hope Aga



Konfirmantar Frøyset kyrkje 4. mai

Foto: Anne-Lise Njøten Holmaas

Oppe frå venstre:

Emil André Haveland Molland
Oskar-Andreas Haveland Molland
William Ekrold Fredriksen
Håvard Halland

Nede frå venstre:

Malene Holmaas
Julia Czerwicz
Kristin Agni Helland
Emilie Sleire Falke
Angelica Ynnesdal



Konfirmantar Sandnes kyrkje 11. mai

Foto: Lillian Andvik

Frå venstre:

Anders Totland Rong
Jenny Sofie Kvinge Hjelmtveit
Madelein Strand Andvik
Niklas Lademo Ekren

KONFIRMANT 2026

Neste vår kan dei som er fødte i 2011 feire konfirmasjon i Sandnes, Solheim eller Frøyset kyrkje!

Tysdag 17. juni kl.18-19

vart det felles orienteringsmøte for nye konfirmantar med foreldre/føresette i Frøyset kyrkje ved sokneprest Torbjørn Sæle og konfirmantarbeidar Alf Holmaas Helland.

Påmeldinga til konfirmantåret er open og skjer via kyrkja si nettside masfjorden.kyrkja.no

Dei nye konfirmantane vart presenterte på «Supersøndag» i «si» lokale kyrkje:

17. august i Sandnes kyrkje kl. 11.00

31. august i Solheim kyrkje kl. 11.00

31. august i Frøyset kyrkje kl. 16.15

Konfirmasjonsgudstenestene er dei tre siste søndagane før 17. mai:

Frøyset kyrkje 26. april 2026

Sandnes kyrkje 3. mai 2026

Solheim kyrkje 10. mai 2026

Tekst: Torbjørn Sæle

FLOTT PÅSKEMUSIKAL

Lys levande påskemusikal vart vist i Sandnes kyrkje, søndag 6. april.

Det var barnekoret Ostereidet Soul Kids som saman med vaksenkorset Te Deum som framførte musikalen ilag. Solveig G. Angelskår dirigerte begge kora og dei hadde turné i tre kyrkjer.

Dei starta i Ostereidet kyrkje før turen gjekk vidare til Lindås kyrkje. Turnéen vart avslutta i Masfjorden i Sandnes kyrkje.

Denne musikalen inneheld heile påsken der både triste songar og gledesfylde sener vart vist.

Påskemusikalen er med tekst av Jan Gossner, Tore Thomassen og Randulf Roaldsnes og musikk av Jon Kleveland. Musikkantane bestod av Trond Fykse på piano,



Johannes Fykse på trommer og Kjetil Sæle på bass.

Me i Masfjorden sette stor pris på at dei vitja oss. Det var bra oppmøte, men kunne vore fleire barn.

Teks og foto: Else Iren Westervik

BARNEKORET MED SOMMARKONSERT



Torsdag 5. juni avslutta barnekoret sine øvingar i år med ein stor sommarkonsert i Sandnes kyrkje. Der var både foreldre og bygdefolket invitert. Og det var kjekt at så mange kom og ville høyra på kva koret hadde øvd på sidan oppstart i fjor haust.

Me fekk høyra heile 9 songar av koret, og i tillegg fekk dei med publikum på fleire songar, noko både store og små sette pris på.

Dirigent Else Iren Westervik losa koret trygt gjennom repertoaret med god hjelp av mannen Boris Kuprijanov ved flygelet. Og meir musikalsk støtte hadde dei og med på «boks», noko som til saman gav rytme og liv i kyrkja denne ettermiddagen. Det er ikkje lett å stå i ro og konsentrera seg gjennom ein heil konsert for dei minste, men Else Iren lokka og inspirerte slik at den eine etter den andre songen blei flott framført. Nokre songar med bevegelsar, og fleire solistar fekk prøva seg.

Og så fekk me flott besøk av fiskaren/læresveinen Peter (sokneprest Torbjørn Sæle) som fortalte ulike historier om tida han vandra med Jesus. Godt han hadde skrive notat i boka «Peters hemmelige notater» slik at me kunne få høyre om både då Jesus metta mange menneske med 5 brød og 2 fiskar og

når Jesus gjekk på vatnet, og korleis det gjekk når Peter ville prøve å gå han i møte på sjøen. Godt at Jesus var der og redda han når han blei redd og held på å gå under. Og godt at Jesus også kan vere vår redningsmann.

Gullfisker «Gulliver» som pleier å vere med på barnekorøvinga, når han ikkje driv og svømmer mellom Masfjordnes og Duesund, kom og innom for å dele nokre kveldstankar slik han pleier gjere på korøvingane. Han har alltid kloke ord til liten og stor, og minna om å ha Jesus i hjarta også i sommarferien.

Etter utdeling av gåver til flittige korsongarar, velforkjente blommar til dirigent, og ros til alle, var det tid for kaffi/brus og ikkje minst sjokoladecake!

No kan både borna og leiarane ta ein velforkjent ferie, og samle inspirasjon til haustens oppstart som blir 4. september. Koret er for alle born i 1.-7. klasse frå heile Masfjorden. Dei øver på torsdagar i Sandnes kyrkje, og det er gratis å vere med. Takk for flott konsert, og god sommarferie!

Tekst: Eli Eidsnes

Foto Peter (sokneprest Torbjørn Sæle): Eli Eidsnes

Foto barnekoret: Sigrun Haugsdal Reknes

PÅSKEVERKSTAD I HAUGSVÆR BEDEHUS



«Påskeevangeliet» med påfølgjande quiz blei ein populær programpost.

Etterkvart som påskepynten vart sett saman stod det kun att å laga påkestemming i heimane deira.

Tekst og foto:
Else Iren Westervik

FESTEANSVARLEG FOR GRAV

Mange har i det siste mottatt rekningar på festeavgift for graver i Masfjorden, sidan årets rekningar nyleg er sendt ut. Me vil takka alle som har betalt innan fristen eller tatt kontakt for å få informasjon eller seia opp graver.

Om du har fått rekning på ei gamal grav som familien ikkje ynskjer å ha lenger, er det fint om de tar kontakt med kyrkjevevja for å seia opp grava, slik at de slepp purring.

Samtidig vil me minne om at når ein gravansvarleg/ fester døyr, skal dødsbuet gje beskjed til oss om kven i familien som skal overta ansvaret for gravene avdøde hadde ansvar for. Dette er viktig for at me skal vite kven som har ansvar for gravene på gravplassane våre.

Nokre graver blir i løpet av sommaren merka med raude lappar der det står at me ynskjer kontakt med gravansvarleg. Dette er i dei fleste

tilfelle graver der me ikkje veit kven den ansvarlege festar er, pga dødsfall eller manglande informasjon.

Steller du ei grav som har fått ein slik lapp er det fint om du ringer kyrkjevevja.

Tekst: kyrkjevevja Eli Eidsnes

KYRKJA I MASFJORDEN

Ynskjer kontakt
med festar/ansvarleg
for denne grava

Tlf: 56 16 62 61
post@kyrkjaimasfjorden.no

KONFIRMANTFESTIVAL

Så var han her – dagen me alle hadde venta på: Laurdag 29. mars. Vêret var ikkje av det aller beste, sørvesten piska inn over inngangspartiet til Knarvik kyrkje og eit iskaldt marsregn slo ned over asfalten, men det stogga ikkje tøffingane i Camp Konf: Dei var kledde for oppdraget og møtte presis. Morgonfuglane frå Solund hadde allereie vore på farta sidan klokka sju, dei kom med første ferja frå Krakhella og hadde ei ekstra lang reis bak seg.

Det var godt å komme inn i det store og lyse kyrkjerommet og finne rette stolrekka. Fleire hundre konfirmanter frå sokna rundt i prostiet hadde samla seg til ein felles laurdag utanom det vanlege: KFUK/KFUM hadde saman med bispedømet og sokna organisert dette i månadsvis på førehand. Dagen skulle delast i to, med ei teoriøkt og ein sjølvvald aktivitet etterpå. Men fyrst var det opningsshow med band, allsong og tale. Opningstalen var det ingen ringare enn vår eigen kjendisprest frå TV-programma «Farmen» og «Forræder», Thor Haavik frå Loddefjord som sto for. Han har laga ein eigen miniserie kalla «Oppstandelsen – er den historisk troverdig?» og som ligg ute på YouTube: Her går han rett inn i påskeunderet og prøver å finne historiske prov for at Jesus verkeleg stod opp frå dei døde på påskedag. Like eins viste Thor Haavik oss at «Big Bang» ikkje er uforenlig med trua på Gud: Dette er den einaste eksplosjonen i historia som etterlet anna enn kaos, nemleg ein superjustert, gradvis justert framvokster av liv: Hadde utvidinga av universet vore $1/10^{120}$ mindre eller større, kunne det nemleg ikkje eksistert liv på jorda. Og det er like sannsynleg som om me skulle kunne vinne fyrstepremien i Lotto femten gongar på rad. Går det an? Og kom det store smellet heilt av seg sjølv? Oppstod materien av ingenting? Store spørsmål.

Frå denne vekkjaren gjekk det for vårt sokn rett i undervisningsdelen. Her var det mange tema å velje i, alle med overskrifta «Kyrkja om ...» Det var musikk, urettferd, vennskap og eit tema som heitte «Kristendom for dummies»: I denne delen stod Håkon Kinsarvik frå Gulen sokn for undervisninga og leidde oss gjennom kristentrua på 90 minutt, frå skapingsforteljinga via profetane til Jesus, apostlane, Thomas Aquinas, Martin Luther og heilt fram til vår eigen kvardag med KI



og sosiale media som bombarderer oss med spesialtilpassa trus-informasjon. Og kva kan me setje vår lit til? Det vart mange spørsmål: Dei kunne me stille frå ein eigen nettstad med tilgang via QR-kode. Fiffig, men effektivt. Skulle tru kva Martin Luther hadde sagt om dette?

Etter lunsj med pizzabollar, saft og mingling med andre sokn bar det ut i den praktiske delen: Fotball stod høgt i kurs, både inne og ute. Det same gjorde volleyball, klatring og bogeskyting. Vêret slo om til styrtebyger, så dei som hadde vald perlearbeid, måling og andre inneaktivitetar kunne prise seg lukkelege inne med ein varm tekopp i trekvite, lyse rom med ei vårsol som av og til spratt fram mellom skyene. Me andre var ute og kjende på naturkreftene: Tidlegare på dagen hadde me høyrte at «synd» kunne samanliknast med å bomme på målet og leve mindre. Det kunne sjå ut som om fotballspelarane, volleyballaget og bogeskyttarane hadde teke dette til seg: I dag vart det landa fulltreffarar over heile linja. Det einaste som var synd, slik me såg det, var at dette gildet ikkje varte meir enn ein dag. For moro var det! Og spanande!

Ein stor takk til KFUK/KFUM og medarbeidarane i sokna Alver, Modalen, Austrheim, Fedje, Gulen, Solund og Masfjorden for ein herleg dag! Slike må me ha fleire av! Og ny konfirmantfestval er på trappene laurdag 14. mars 2026!

Tekst og foto: Alf Helland



50-ÅRSKONFIRMANT - JUBILEUM I HAUST

Slik tradisjonen har vore dei siste åra, vil me også denne hausten invitera dei som vart konfirmerte i Masfjorden for 50 år sidan til ei lita markering.

Det vil skje søndag den 14. september i gudstenesta i Sandnes kyrkje kl. 11.00. Etterpå vert det middag og tid til mimring på Snikkarbua kafé på Kvingo.

Invitasjonane til dei som vart konfirmert i 1975 er sendt ut i posten. Påmelding gjer de på nettsida vår www.masfjorden.kyrkja.no eller ved å kontakte kyrkjekontoret.

Tekst: Eli Eidsnes, kyrkjevevje

17. MAI-MARKERINGAR



Etter 17. mai-gudstenesta i Solheim kyrkje var det som vanleg samling ute på kyrkjegarden. I år med 80 års-jubileum for freden etter andre verdskrig, vart markeringa ekstra spesiell.

Emma Sandvik, som vart konfirmert i vår, las diktet «Aust-Vågøy» av Inger Hagrup.

Torgeir Stordal la ned blomar på grava til sin bestefar, Torgeir Stordal.

Taras Sobchak, ein av dei ukrainske elevane på Matre skule, la ned blomar på dei ukrainske og dei russiske fangane si grav.

Også utanfor Sandnes kyrkje var skulelevar med og la ned kransar, og tradisjonen trur var Sandnes skulemusikk på plass og spelte både i og utanfor kyrkja.

Tekst og foto: Torbjørn Sæle

MIN SALME

Salmar er ikkje det eg oftast høyrer på, så ærleg skal eg vere. Men det er nokre salmar som vekker meir minne enn andre. I barndommen var det ein salme som me song mykje og som vekker gode minne for meg, «Deg være ære»

Denne salmen song me ofte i musikktimane og framførte på forskjellige framsyningar i barneskulen.

Salmen er energisk, og det eg huskar best er at vi song så høgt me kunne.

Læraren min i musikk, Rune Garmann, måtte justere oss inn då me av og til vart litt vel ivrige.

Når eg høyrer denne salmen i dag så vekker den gode minne frå musikktimane og klassen på barneskulen den dag i dag.

Av Erlend Kvamsdal



Deg være ære står på nr. 197 i Norsk salmebok

1 Deg være ære,
Herre over dødens makt!
Evig skal døden være
Kristus underlagt.
Lyset fyller haven,
se, en engel kom,
åpnet den stengte graven,
Jesu grav er tom!

Omkved:

*Deg være ære,
Herre over dødens makt!
Evig skal døden være
Kristus underlagt.*

2 Se, Herren lever!
Salig morgenstund!
Mørkets makter bever.
Trygg er troens grunn.
Jubelropet runger:
Frelseren er her!
Pris ham, alle tunger,
Kristus Herre er!

3 Frykt ikke mere!
Evig er han med.
Troens øye ser det:
Han gir liv og fred.
Kristi navn er ære,
seier er hans vei,
evig skal han regjere,
aldri frykter jeg.

SOKNERÅDSPRATEN

EIN SOMMARLEG SPASERTUR MED STÅLE DAAE...

Det er Kristi Himmelfartsdag og strålende sol. Ståle ser oppover lia. I Indre Haugsdal har det vore like tørt som elles i kommunen den siste tida, så han ristar litt på hovudet der han let fingrane gli gjennom grastustane.

«Lite vokster i graset, ikkje sant?»

«Ja, tørr vår i år. Det er nett no i det siste når regnet kom at det starta å verte grønt oppi fjella».

Ståle Daae (59), sivilingeniør, småbrukar og lærar er ute og ser over gjerdet på sauebeitet før dyra skal sleppast. På dagar som dette er det betre å nyte veret, kjenne på ein frisk sommarbris og høyre på gauken som syng i lia. Det er Kristi Himmelfartsdag, trass alt, og skulefri.

«Ståle, sei meg, korleis har det seg at du kom inn i Masfjorden Sokneråd?»

Ståle smiler: «Jau, det var den telefonen. No er det andre gongen eg er med i soknerådet. Eg har vore med i frivillighetsarbeidet er god stund. Var vel i '89 då eg først vart med i skigruppa i idrettslaget, og det er no 36 år sidan no. Me må ta eit tak for å få ting gjort.» Eg har jobba som lærar ei stund no. No er eg lærar i ungdomskulen, og der ser eg litt av utfordringane ungdommane i dag har. Kvar står dei? Kven er dei? Og kvar skal dei? Det er litt forskjellig dei skal finne svar på. Heldigvis har me MOT-prosjektet på ungdomstrinnet som er umåteleg viktig i denne samanhengen. Nei, alt heng no saman.»

«Kva betyr kyrkja for deg, Ståle?»

«Godt spørsmål. Der må eg svare: verdier. Kyrkja representerer eit felles verdisyn som heile samfunnet vårt er tufta på. Det er ein viktig stad når bygdefolket treng samlast. Om det er grunna feiring eller katastrofe, ras eller bryllaup, konfirmasjon og dåp. Sama kva som skjer så kan ein samlast i kyrkja. Eg tenker det er viktig at dei som er aktive kyrkjegjengarar frå før eller som er engasjert i kyrkjearbeid jobbar for ei inkluderande kyrkje. Det skal vere like naturleg å treffe både presten som feiaren på butikken. Eg trur det kan vere med å symbolisere at kyrkja er open for alle, om ein er bygd på ei fjellfast barnetru eller er litt meir tvilande. Det gjer og kyrkja meir synleg i bygdelivet, og det meiner eg er viktig.»



«Er det noko spesielt me her i Masfjorden bør satse på?»

«Ja absolutt! Eg synest ungdomsarbeidet er umåteleg viktig. No gjer Else Iren ein god jobb med småbarnstrall og barnekor, men det skulle absolutt vore eit tilbod til dei litt eldre og. Det eg har merka er at det er utruleg vanskeleg å starte opp Ten klubb, yngres eller anna kristeleg ungdomsprosjekt dersom det, som nå, har vore inaktivt i nokre år. Desse aktivitetane er ofte ikkje berre sett på pause, men ein må ofte starte heilt frå botnen att. Eg huskar framleis turen me hadde til Oslo konserthus på Soul Children-festival med barnekoret (ungdomskoret) vårt. Det var ei heilt fantastisk stemning då alle dei små kora samlast til ein gedigen allsong ute. Til og med popgruppa Donkeyboy var der og spelte sine hits for oss. Det var heilt spesielt.

«Ja musikk er viktig. Kanskje meir enn me trur. Har du nokre favorittar du likar å syngje når du er i kyrkja?»

«Eg er ikkje det ein vil kalla ein stor songar, men det er nokre salmar eg set pris på. Eg er glad i nokre av salmane til Bjørn Eidsvåg, som «Ein fin liten blome» og «I en natt». Når det kjem til kyrkja må nok ein favoritt vere «Just a Closer Walk with Thee», (salme nr. 428). Ein klassisk amerikansk gospellåt. Trur jammen eg landar på den. Kan fint nynne på den når ein er ute og går på ein slik fin dag som i dag!»

«Godt sagt, Ståle! No kjenner me verkeleg at det eksploderer av liv og fargar her på Vestlandet. Ha ein flott dag og god tur vidare med Vår Herre i bakkane i Indre Haugsdal! No skipar han til fest fram mot jonsok, det er visst!»

Tekst og foto: Alf Holmaas Helland

FRILUFTSGUDSTENESTER I FRILUFTSLIVETS ÅR



Kyrkja i Masfjorden har i mange år samlast til gudstenester ulike stader i Guds frie natur. Årets første friluftsgudsteneste var utafor Stordalen fjellstove på langfredag. Den andre var ved Dagsturhytta Fjordblikk 25. mai. Etter ein solrik maimånad var vêrskiftet venta, men både messingblåsarar, klokkar og bygdefolk fann vegen til Grøttneset på tørt underlag. Regnet let venta på seg og sola sendte til og med sine strålar ned på kyrkjelyden akkurat i det eit LED-lys vart løfta fram i forbøna som handla om å vera lys i verda. Etter gudstenesta venta ein smakfull kyrkjekaffi, god prat og boccia – før regnet også ville vera med på leiken.

9. juni vart det for første gong gjennomført friluftsgudsteneste i Eventyrskogen på Haugsvær, ei heilag pinsestund der gitarspel, salmesong og songinnslag fekk følgje av fuglesong og pinsetrafikk. Etter preika venta gode bollar, kaffi og prat.

Med dårlege vêrmeldingar vart friluftsgudstenesta som var planlagt på Hosteland 15. juni gjennomført inne på sjukeheimen. Når det 24. august igjen er tid for Bjørn West-marsjen, vert ringen av årets friluftsgudsteneste-turné avslutta der den starta, utafor Stordalen fjellstove.

Tekst: Torbjørn Sæle, Foto Dagsturhytta: Torbjørn Sæle
Foto Eventyrskogen: Torill Vågseth Kristoffersen



IKONUTSTILLING I FRØYSET KYRKJE



I år har Masfjorden sokneråd gleda av å ynskje alle velkomne til å sjå ei utstilling med tjue ikon malt av Solrunn Nes. Desse ikona dannar ein serie – Rosenkransserien – der motiva på atten av dei tjue ikona er henta frå Det nye testamentet.

Forutan å vere ei vakker innføring i ein gamal tradisjon med bruk av bilete som uttrykk for kristen tru og formidling av kristen lære, innbyd kvart av bileta til ettertanke og refleksjon.

Utstillinga vert opna i Frøyset kyrkje onsdag 23. juli klokka 19:00. Då vil Solrunn Nes vere til stades og halde eit foredrag knytt til tradisjonen desse bileta spring ut frå og er ein del av.

Utstillinga vil vere open torsdagar og fredagar mellom kl.16:00 og 20:00, og laurdagar og sundagar mellom klokka 15:00 og 18:00.

Dei fleste dagane vil Rune Garmann sitje i kyrkja og male eit bilete i same teknikk som Solrunn Nes sine ikon er måla i, eggtempera. Det vil seie at pigmenta ein nyttar, vert blanda ut med eggeplomme, tilsett vin eller eddikvatn, og dette vert så malt på preparerte treplater.

Dette er ein tusenårgamal måleteknikk som så å seie forsvann frå vestleg maletradisjon for rundt 500 år sidan, men som heile tida har vore halden i hevd i austkyrkjeleg tradisjon.

Sundag 10. august vil det vere gudsteneste med kyrkjekaffi, og etterpå vil utstillinga verte teken ned. Også denne dagen vil Solrunn Nes vere til stades og samtale med interesserte om ikona og om ikonmåling.

Etter det vi veit, er dette fyrste gongen at ei slik utstilling har vore arrangert i Nordhordland, og vi vil tru at dette kan vere ei fin oppleving for mange, om dei tek seg tid til å stikke innom.

Det er gratis entré. Og alle er velkomne.

For Masfjorden sokneråd,
Rune Garmann

Biletmontasje: Rune Garmann

I TAKT MED «UTAKT»

Heilt sidan 2012 har eg følgd radioprogrammet «Utakt» på NRK P1. Dette har vore eit av dei beste radioprogramma på norsk jord, synest eg. Kvar måndagskveld klokka 22.03 har eg vore klar. Eg har pussa tennene og gjort kveldsstellet og lagt meg godt til rette under dyna. Så har eg ledd og kosa meg gjennom dei neste to timane med Per Øystein og Bjørn Olav. Dette har vore måndags-høgdepunktet mitt.

Siste måndagen i februar gjekk det siste programmet på lufta. Tusen sendingar vart det totalt. Måndagen før intervjuet eg dei nokre timar før dei skulle ha sending.

Kan de fortelja litt om dykk sjølve og bakgrunnen til Utakt?

Bjørn Olav begynner: -Har du heile kvelden?
Kort fortalt sånn: Eg hamna i radioen tilfeldig, eg var utdanna TV- fotograf og fekk spørsmålet «dåke sku ikkje prøvd dåke i radioen?» Min verste frykt var å få tildelt trafikkmeldingar...

Per Øystein held fram: -Me kjende til kvarandre frå før. P1 hadde fått problem. Programleiar for Eldorado, Geir Hovig, hadde gått bort og dermed måtte eit anna program inn på sparket. Då var «Utakt» i gang og det var gøy frå første stund. Me laga 8-9 program som sommarvikarar. Dette var i 2009.

Kva er ideen bak programmet Utakt, og kva er bakgrunnen for tittelen på programmet?

«-Utakt med skråblikk i fokus» var vår første tittel, det var veldig langt, og klang ikkje så bra, så tilfeldigheit gjorde at me sat igjen berre med det første ordet, «Utakt», seier Bjørn Olav.

Kan de fortelja litt om historikken i forhold til ulike sendetider?

Me starta med sending på laurdagskveldar i 2009 og haldt fram med dette.

Det var vel til 2012?, spør eg.

Så ler dei og seier:- Me stolar meir på deg med dette med årstal, enn oss!



Kva er ideen bak figuren "Stavangerssmurfen?"

Dei ler! -Eg trur det var at Geir Børresen hadde bursdag, så hadde me ikkje høyrte «noke sånn smurfeting» på radioen på mange år, så me syntest det var på tide. Smurfen var ikkje med kvar veka frå starten av, for det var eit veldig elsk/hat-forhold til han hos lyttarane. Slikt kan vera vanskeleg å forhalda seg til når nokon synst noko er veldig kjekt og nokon synst det er veldig irriterande.

Men for oss var smurfen god å ha. Han kunne liksom seia dei tinga me ikkje turte å seia. Me har ledd masse av han. Smurfen var med oss heilt fram til nyttår i 2024. Og så kan me avsløra til deg at i siste sending då kjem han tilbake!

Korleis kjem de på dei artige tinga de snakkar om, og får det til å bli underhaldande?

-Det e jo på ein måte å ha augene og øyrene opne, så les du og tenke på ein annan måte enn det dei har meint det dei som har skrive det. Me ser og treffer folk og opplever ting.

Per Øystein seier at han noterer ned på telefonen etter kvart. Han kan ikkje stola på at ein hugsar det ein trur ein skal hugsar.

Så snakkar me litt om at det no snart er slutt på dette flotte programmet. Eg synest det er kjempetrist. Bjørn Olav fortel at han ser for seg at han vil gjere noko anna dei siste 13 åra av arbeidslivet sitt. Per Øystein synest det er dumt at det no er over.- Det har vore nokre kjipe sendingar no i det siste når me veit at det går mot slutten,. men:

-Me skal ha revy saman i oktober, i Sandnes og Stavanger!

-Kjem den på tv? spør eg.

-Nei, trur ikkje det. Og så ler dei!

-Men vil du komma å sjå på, så gje ein beskjed!

1. eller 25.oktober skjer det!

Kva er idéen bak den store Cola- testen? Kor mange Cola har de testa?

- Det var ein idé som berre datt ned i hovudet på oss. Kan me halda på i nokre veker? Det kan då ikkje vera så mange typar? Det begynte med ein vanilje- Cola frå USA og så balla det på seg.

Kor mange Cola-typar har de smakt på?

-480, fram til i dag! Når siste programmet har gått på lufta er talet 482!

Kva synest de er det raraste temaet den andre har tatt opp på ei sending?

Dei ler godt! - Gode spørsmål, Jo!

-Det har vore så mange, seier Bjørn Olav. -Når me var på dagtid og åt gammal mat, kjøttkaker frå 1942, det var rart, men det raraste er at nokon har spart på dei kjøttkakene sååå lenge. Det er kanskje noko av det særaste me har gjort.

-Ungane mine hadde eit leiketog og me ville sjekke kor mykje det tålte og om det framleis ville spela musikk etter at me køyrde over med bil og kasta det ned frå huset, fortel Per Øystein. -Til slutt kom ein potetkanon, då takka toget for seg!

Kva er grunnen til at de har med allmennlærer med to vektal i musikk, Olav Hove?

-Det er kjekt å ha andre stemmer enn berre våre eigne. Når me sit i to timar og berre høyrer på våre mannsstemmer er det fint å få inn ei anna. Men me burde vel hatt ei dame då?? Hehe, men det vart tre menn i staden. Olav har vore med i ALLE programma!

Korleis var det å ha med ein førsteklasing i programmet?

- Me hadde med sonen min, seier Bjørn Olav. Eg hugsar ikkje korleis ideen kom. I dag har eg vore ute og øvingskøyrd med han, så tida har gått sidan han var med då han var 5 år gammal og eg lærte han vanskelege setningar han skulle repetere etter meg. Eg klippa dei saman så det høyrdest ut som han kunne veldig mykje. Til slutt vart han så flink å lese at det ikkje var så morosamt likevel.

Er det fordi de ikkje gidd lese bøker sjølv at de har med forfattar og litteraturvitar Janne Stigen Drangsholt som har spalta "Kjente bøker på fire minutter?" Dei ler høgt!- Avslørt!!

-Nei, me møttest og hadde ein god tone saman, så vart det snakk om å ha med eit meir kulturelt innslag, og at dette var ein god idé.

Korleis førebur de ei sending?

-Me går gjennom ei liste med ting me kunne tenkt oss å snakke om, plasserer dei i forhold til kvarandre og lagar ei liste!

De har hatt ulike dyr i studio med ulikt hell! Kan de fortelja litt rundt dette?

Dei ler godt av spørsmåla! - Alt du hugsar!!!

-Det starta med ein blekksprut i Tyskland til fotball-VM, så begynte me med høner og kalv og papegøye.

Dei fortel historier om papegøyen. Han hadde rykte på seg for å vera så rappkjefta og dei tenkte at det hadde vore gøy å ha han med i sending. Men då han kom inn i studio vart han heilt stille... og med ein gong Bjørn Olav tok han ut frå studio sa han «du din tosk» og bæsja på teppet.

Eg hugsar frå showet i Bergen at de snakka om bilvask, is, ungar og olje...?

Kan de fortelja den historia?

-Det var godt du var der, for det var ikkje så mange andre der, me vart veldig glade då du kom.

Bjørn Olav fortel vidare: -Eg sto nede i kjellaren og jobba på høvelbenken, og sonen min drakk avfeittingsmiddel. Mor var på jobb og eg ringte giftsentralen. Dei bad meg gje han mjølk, men det hadde me ikkje, så eg smelta fire pinup- isar. Då vart han så dårleg at han spydde i badekaret og på søstra si! Han syntest ikkje det var godt med avfeittingsmiddel, nei...

Kva var historia bak ungdommen som sovna i bilen då de var ute på reportasjeoppdrag?

- Aahhaa, du hugsar alt, du!!- Han hadde arbeidsveke hjå oss, og skulle køyre med oss til Moi. Han sov heile vegen, om lag 10 mil. Me vekte han då me kom fram, men så sovna han igjen inne i salen og, og sovna også på vegen heimatt. Så kom han tilbake då han skulle skrive rapport/opp-

summering av arbeidsveka si. Då hadde han bruk for litt hjelp!

Korleis var det å ha med Utakt sitt eldste medlem på sending?

-Ja, bestemor ja, Eva Ryen, seier Bjørn Olav.- Ho hadde hatt bursdag for ein månad sidan hadde ho levd, ho blei 107,5år gammal!

-Har du møtt henne, Per Øystein, spør eg.

- Ja, ho var ei fantastisk dame. På 106- årsdagen dansa eg med henne, eg hadde funne fram ein song frå 1920-talet som ho kjente til! Då eg sette den på for henne, spratt ho opp og bydde meg opp til dans! Og så laga me Norge Rundt- innslag med henne.

Kva skal de snakke om i programmet i dag?

-Så langt er me ikkje komne enno! Det skal me finne ut av no!

Til slutt spør eg om å få kjøpe ei Utakt t-skjorte, men både eg og assistenten min får kvar vår. Generøst!

Intervjuet er slutt. Eg tenker at dette var to veldig kjekke karar som smilte og lo heile tida. Dei var så snille og morosame! Eg kjem til å sakna stemmene og humoren deira i Utakt!

PS! Fredag 16.mai kom Bjørn Olav ut med ein song av Phil Collins. Dette var det siste som «kom frå hans munn» i som tilsett i NRK, og var ei gåve til kompanjongen Per Øystein. Gå inn og høyr denne låten på Spotify! Søk «Philharmonien».

Tekst: Jo Ronald Mjanger

BJØRN WEST-MARSJEN 24. AUGUST 2025

I år er det 80 år sidan krigen blei slutt og søndag 24. august går den tradisjonsrike Bjørn West-marsjen for 43. gong. Marsjen går i flott fjellterreng mellom 400 og 750 moh til minne om motstandsgruppa Bjørn West som heldt til i Masfjordsfjella siste del av krigen.

Du kan velge mellom lang og kort løype.

Lang løype: Bjørn West-marsjen lang løype (15 km) startar på Matre med registrering og bussavgang mellom kl. 07.00 og 09.30 til Godbotn med marsj forbi Litlematrestølen til Stordalen Fjellstove. Parkering ved Matre skule.

Kort løype: Bjørn West-marsjen kort løype (6 km) startar i Stordalen ved NAF hytta med registrering og bussavgang mellom kl. 10.00 og 11.30 til Nystølen i Sogn med marsj til Stordalen Fjellstove. Parkering ved NAF camping.

Pris påmelding: kr 350,- for vaksne og kr 100,- for barn (fødd etter 2009) som inkluderer naudsynt busstransport og premiering.

Me ynskjer at flest mogleg melder seg på på

førehand, fristen er laurdag 23. august kl. 17.00.

Det kjem til å bli høve til å melde seg på sjølve dagen med betaling via vipps, men då stig prisen til kr 450,- for vaksen.

NB! Det blir trekt ut ulike premiar til førehandspåmeldte deltakarar, så meld deg på!

Prisar
Lang Løype - vaksen kr 350,00
Lang løype - barn kr 100,00
Kort løype - vaksen kr 350,00
Kort løype barnkr 100,00

Tidspunkt
Startdato: 24.08.2025 07:00
Påmeldingsfrist: 23.08.2025 17:00

Påmelding: https://www.letsreg.com/no/event/bjorn_west-marsjen_2025_24082025#init

Kontaktperson:
Birger Wergeland
41274258
birwerg@gmail.com

MASFJORDINGAR PÅ UKM SI FYLKESMØNSTRING

Tre masfjordingar fekk æra av å representera Masfjorden og Nordhordland på UKM si fylkesmønstring. Etter å ha delteke på lokalmønstringa i Storstova på Leiknes tidlegare i vår vart dei sendt vidare til fylkesmønstringa. 180 ungdommar frå den sørlege delen av Vestland fylke var samla i Åsane kulturhus frå fredag til søndag.



Gjennom helga var det fire forestillingar i kultursalen. Her framførte ungdommane sine innslag. Lars Manfred Kvinge Nordland Tvedt fekk æra av å opna søndagsforestillinga saman med husbandet og det med kraftfullt og stilig slagverkspel på låten Radio/Video. Sofie Ekren song Rundt neste sving av countryrockbandet Rotlaus, og saman med det profesjonelle husbandet i ryggen gjorde også ho ei strålande flott framføring.

I tillegg var det det kunstutstilling i foajéen med høgtideleg opning på laurdag. Her deltok 16 år gamle Ilaria Sirman med to kunstverk. Ho kom frå Ukraina til Masfjorden for knappe to år sidan og bur på Sandnes.

Eitt av verka hadde tittelen «Aging» og viser ein skvist colaboks med visne roser oppi.

- Biletet symboliserer at ingenting varer evig. Det er lett å øydeleggja eller mista noko, utan moglegheit for å få det tilbake, seier Ilaria.

- Eg vart med på UKM fordi eg er interessert i å sjå kva andre lagar, og fordi eg vil visa fram mitt eige arbeid. Eg er glad i å læra noko nytt! Eg elsker å læra å teikna og finna nye ting som inspirerer meg, for eg har teikna sidan eg var lita. Men for meg er teikning først og fremst ein fritidsaktivitet, noko eg gjer for å

slappa av, ofte medan eg ser på ein serie eller høyrer på musikk.

-Men om eg kunne samarbeida med ein kunstnar, ville det kanskje vore Salvador Dali. Eg likar å undra meg over kva bileta hans eigentleg betyr. Det ville vore spanande å samarbeida med han for å finna ut korleis ideane hans kjem til, og korleis han gjennomfører dei, avsluttar Ilaria.

I tillegg til dei fire forestillingane og kunstutstilling var helga spekka med aktivitetar. Etter innlosjering på fredag var det klart for sosiale bli-kjend-aktivitetar. På laurdag og søndag var det lagt opp til ei rekkje workshops som ungdommane kunne melde seg på, alt frå keramikkverkstad til dans og låtskrivarkurs. Men søndag ettermiddag var det klart for heimreise, og det var tydeleg og fint å sjå at det gjennom helga var knytt mange nye venskap over kommunegrensene.

21.-24 juni vert UKM-landsfestivalen arrangert i Trondheim. Eit knippe av dei som deltok på fylkesmønstringa får invitasjon til å delta der. Og ein av dei er Lars Manfred Nordland Kvinge Tvedt.

Tekst og foto: Frank Kvinge

LARS MANFRED TIL LANDSFESTIVALEN I UKM

Lars Manfred Nordland Kvinge Tvedt er plukka ut til å representera Masfjorden, Nordhordland og Vestland under UKM-Landsfestivalen i Trondheim 21.-25 juni.

Lars Manfred var ein av deltakarane på fylkesfestivalen i Åsane i april og der imponerte han juryen såpass mykje med slagverkspelinga si at han passerte det tronge nålauget for å koma vidare til Landsferestivalen.

Av andre nordhordlendingar skal bandet Adventure og to unge arrangørar frå Alver også delta på festivalen.

Masfjorden har to gongar tidlegare hatt representantar på UKM-Landsfestivalen. Masfjorden kommune gratulerer og ønskjer lukke til med førebuingar til festivalen!



Lars Manfred skal framføra musikk saman med profesjonelt band på Landsfestivalen. Her frå den lokale mønstringa på Leiknes i vinter.

Tekst og foto: Frank Kvinge

VELLUKKA MARKNADSDAG OG 10-ÅRSJUBILEUM

Det vart ein veldig triveleg dag ved Spar-butikken på Hosteland då dei, med Marianne i spissen, inviterte til marknadsdagen sitt tiårsjubileum. Over 30 utstillarar hadde takka ja til invitasjonen og stilte med salsboder, utstillingar, mat, biler og veteranbilar, to store hoppeslott, hesteriding, konsert, politiske parti, 4H helselag, Frivillig-sentral, pensjonistforbund med meir. Rundt bodene var det eit yrande folkeliv og praten gjekk lett mellom alle dei frammøtte. Folk kosa seg i solskinnet, handla, og nytte god mat og underhaldning. Marknadssjefen Marianne gjekk rundt, smilte frå øyra til øyra og såg at alt fungerte og at dei frammøtte hadde det bra.

Ein stor blome til dei som stelte i stand denne flotte marknadsdagen. Det er viktig med slike møteplassar i lokalsamfunnet, det er viktig at noko skjer, det er viktig



å gjera noko i lag, og då er det gledeleg å oppleva at folk støttar opp slik dei gjorde på marknadsdagen denne siste dagen i mai.

Tekst: Jo Ronald Mjanger

SUKSESS FOR SANDNESFEST

Vermeldingane frå Yr.no var lenge dystre, men vergudane ombestemte seg i siste liten, skydekket trekte seg til sides, og sola sette sitt stempel på nyskapinga SandnesFest. Det vart to dagar med latter, sol, smil og glede.

Standup-komikarane Ole Soo og Vidar Hodnekvam fekk æra av å opna festen. Vidar snakka mellom anna om den krevjande rolla som småbarnspappa. Ole leverte standup-impro på høgt nivå då han baserte heile show sitt på der og då-kommunikasjon med publikum. Her fekk fleire i publikum «gjennomgå» og lattermusklane fekk verkeleg trimma seg før Solund-bandet Pfeizers orkester overtok scena og spelte danse- og allsongvenleg musikk inn i dei små timar.

Laurdagen opna med familieshow med Klovnen Knut. Uteområdet var fylt til siste stol av forventningsfulle barn og foreldre då denne energibunten av ein klovn sette i gang med tull, tøys og tryllerier. Kommunikasjonen med publikum var førsteklasses, og han greidde å engasjera både små og store med humoren sin. Artig!

Kulturskuleelevar følgde opp med ein flott konsert der

me fekk høyra song om Sandnes, Barn av Regnbuen og eit knippe Adele-låtar, alle framført av dyktige songarar og akkompagnert av kulturskuleband samansett av lærarar og elevar. Embla framførte mellom anna ein sjølvkomponert låt og bandet Tigers slo likegodt til med ein heil liten konsert før Lars, Artur og Lars Martin avslutta med kraftfull heavy-metal.

Så var det tid for Eggum. I forkant var det knytt stor spenning til om han kunne komma. I heile mai måtte han avlysa konsertar grunna sjukdom. Men Eggumen kom, og han leverte!

Kvelden vart avslutta med Arild & Åsmund med gitarar. Begge dagane sto WetPigBBQ for servering av velsmakande rettar.

Dyktige arrangørar på Sandneskaféen kan pusta letta ut etter å ha gjennomført ein flott minifestival der programmet inneheldt noko for alle. Og når publikum kom, smilte og lo, og det klaffa med veret så vart SandnesFest 2025 ein stor suksess!

Tekst: Frank Kvinge

Foto: Åshild Skuggedal



FRILUFTSLIVETS ÅR 2025



MASFJORDEN KOMMUNE

Mål

Friluftslivets år er godt i gang. Tiltaket skal synleggjere og forsterke friluftaktivitetar som me alt har i kommunen. Me ser fram til mange gode friluftsansettment og aktivitetar under paraplyen Friluftslivets år.

Har du eit arrangement du vil søka støtte til?

Masfjorden kommune har motteke tilskot frå Bergen og Omland friluftsråd som skal nyttast i tråd med planane kommunen har for å markera Friluftslivets år 2025.

Alle frivillige lag og organisasjonar vert oppmoda om å senda ein enkel søknad til kommunen om tilskot til ulike typar friluftaktivitetar for personar i alle aldrar (utstyr, transport, mat, kurshaldar med meir), til post@masfjorden.kommune.no

I tildeling 1 i mars og tildeling 2 i juni har 11 arrangørar fått tilskot på til saman 58 000.

Frist for søknad til tredje og siste tildeling er 1.september. Restsum til fordeling kr 14 200.

Info om alle arrangement og aktivitetar i vår kommune, stort og smått, vil bli publisert fortløpande i aktivitetskalenderen-kalenderen til Friluftslivets år:

<https://friluftslivetsar.no/aktivitetskalender>

Spørsmål? Ta kontakt tlf. 56166200

Frank.kvinge@masfjorden.kommune.no

Kristin.kvamme.rasch@masfjorden.kommune.no



HUGS Å LEGGJA ARRANGEMENTET DITT INN I FORENINGSPORTALEN



Mange kjekke arrangement skjer i haust og vinter.

Masfjorden kommune oppfordra alle som har klar datoar for konsertar, julemesser, faste treningar osv. til å registrere arrangementet/aktiviteten på foreningsportalen.

Innbyggjarane vil lettare orienter seg, og vi unngår kollisjonar av arrangement.

Ta kontakt med Kristin K. Rasch 90 10 41 39 om du treng hjelp til å legge inn aktivitet.

Tekst: Kristin K. Rasch

DEN KULTURELLE SKULESEKKEN

Igjennom den kulturelle skulesekken, og eit opplegg knytt til sirkulære Nordhordland, utarbeidde elevane på ungdomsskulen på Matre ei problemstilling, som dei syns er aktuelt i nærmiljøet her: Er det mindre fisk i fjorden no enn før?

For å finna ut av dette, laga elevane ei spørjeundersøking. Dei samtala med "garva fiskarar", eldre og nye fiskarar, både lokalt og elles. Her var det relevante spørsmål knytt til tema.

Vigdis Valde har vore rettleiar i prosjektet, og korleis prosjektet kan oppsummerast visuelt. Me brukte også ein dag til å sjekka ut fisketilhøva. Då var me så heldige å få besøk av Endre Hopland. Han brukte tid saman med oss der me samtala om problemstillinga, og kvifor fiske har endra seg.

Me fiska frå land, og Endre hadde med seg elevgrupper ut i båt. Me hadde bål og grilla flyndra og lyr. Elevane fekk også lært nokre fisketriks og samtala mykje om fiske.

For dei som er interessert i dette, var dagen ekstra givande.

Utstillinga kan de sjå på Haugsværtunet!

Tekst og foto Liv Brekken



DET GROR PÅ MATRE SKULE

Både små og store elevar har fått bygd sine eigne plante-kassar. Dei har brukt material av ulik sort og storleik, målt lengder, saga og skrudd saman. Elevane måtte finna god plantejord i nærmiljøet, sidan trillebåra var defekt tok me like godt og bar den rundt med jord i. Saman er me dynamitt... eller noko i den dur.

I botn av kassane la me saueull, fint å nytta den, både til dekke for å hindra ugras, men også for å gje gjødsel (nitrogen) til jorda.

No må det vatnast, for det spirer og gror. Både sukkerert, gulrøter, grønkål og reddik. Satsar på me rekk ein smakebit før sommaren!

Tekst og foto Silje V Kjetland



PRAKTISK UNDERVISNING PÅ MATRE SKULE

I samband med strandrydding på Hopsvågen, fiska og grilla me tidlegare i vår. Denne dagen fekk me også nytta noko av lammet som 5.-7.klasse parterte i haust. Me brukte kjøt frå ytrefilet, delte det i små bitar, krydra og steikte det - saman med ein fin sjøørret til dessert vart dette snacks altså!

Same gjengen har også lært om å vera bonde, og korleis dette er som yrke. Som introduksjon til dette tema fyrte to lærarar i gang songen "Felleskjøpet-dressen", iført felleskjøpdress og flørshuer så klart! Fekk nok ikkje same responsen som Hagle får på sine konsertar, men trur elevane "got the point".

Elevane har lært om ulike husdyr, husdyrhald, "årshjulet" til ein bonde, og kva slags type jobb som må gjerast på ein gard.

Me har også møtt ein bonde på Matre og sett på lam.

I tillegg har me besøkt ein kyrbonde på Tverberg. Der fekk me møta kalvar på beite, vera med å sjå mjølkeanlegget, klappa på kyr, sett oksar, og lært om kva oppgåver ein mjølkebonde har. Jammen kom mjølkebilen og! Den skulle vidare til Bremanger og då fekk me vita at mjølka som vert levert der vert til ost. Skal den til Bergen, er det Tine mjølk som vert laga.

Me rusla oss vidare til gardsmuseet på Stølen, der me såg på reiskapar som vart brukt i tidlegare tider. Til slutt var me på Kjetland, og såg på sauer av rasen svartfjes, lærte om merking av lam, og kosa med høns, katt og moskusender.

Me syns det er flott å kunna ta elevane med i nærmiljøet, og knyta teori og praksis saman. Takk til dei som tek i mot oss!

Tekst og foto Silje V. Kjetland og Hege V. Haugsvær



TALE VED MINNESTØTTA OVER FALNE UNDER 2. VERDSKRIGEN

Kjære masfjordingar!

I dag er det 80 år sidan 2. verdskrig var over. 8. mai er ein dato som me har markert med kransenedleggingar jevnleg sidan minnesmerka kom opp.

Masfjordingane fekk oppleve den dramatiske avslutninga av 2. verdskrig her i fjella våre, ja faktisk etter at tyskarane hadde kapitulert ute i Europa. Det gjorde dei ikkje her, og den siste som omkom som følgje av krigen var gardbrukaren Torgeir Stordal 76 år gammal som vart skoten og brent i sin eigen heim etter at kampene var over.

Det var ein brutal krig og ein brutal kvardag i Masfjorden heilt til 8. mai i 1945.

Historia om Bjørn West styrkane som etablerte seg i fjella våre og som kom i kampar i månadsskiftet april-mai i 1945, er vår historiebok om krig og fred i kommunen vår.

Då krigen starta 9. april om morgonen kom det store tyske styrkar inn til Bergen. Dei påfylgjande dagane og månadane så angreip også engelskmenna dei tyske skipa der med bombefly.

Då tyskarane inntok Herdla flyplass kan me sjå føre oss ei tid med mykje dramatikk i lufta over Masfjorden og bygdene i Nordhordlandsregionen. Det endte også med at eit engelsk fly styrta 13. sept. 1940 inne i Svartedalen då dei prøvde å sleppa unna eit tysk jagarfly.

Folk rømde frå byen og ut på landsbygda til både kjente og ukjente husstandar, også her i Masfjorden. Det bind bånd den dag i dag.

Andre som tok ansvar for landet, tok ein anna veg. Ein veg som gjekk om Nordhordland, Fensfjorden og vestover til Shetland og England. Det vart som kjent etter kvart ei båtrote først med små og mellomstore motorbåtar, skøyter og etter kvart dei kjende Shetlandsbussane, Hitra, Vigra og Hessa. Ungdommar som ville kjempe for fedrelandet og drog vestover då



det brann under beina deira, og som kom tilbake for å operere etterretning, samband og sabotasjar bak fiendens linjer.

Den første sabotasjeaksjonen skjedde alt i juni i 1940, med base nettopp her i Masfjorden i ei bortgøymd vik i Hostelandsosen.

Aksjonen var vellykka, med skade på ferrosilisium-produksjonen i Ålvik. Men spora etter sabotørane førte som oftast tilbake til gjerningsmenna og der dei kom i frå.

Alle invigde var ikkje alltid å stole på, lekkasjar ryktast og det vart enkelt for både det norske NS-regimet og det tyske politiet å få fram tilståingar då rassiaen kom til bygda. Det fekk også min familie kjenne på, sidan

min oldefar og tippoldemor var involvert i dekkoperasjonen i Hostelandsosen.

Men familien Duesund borte i Nesjane måtte betale ein høgare pris. Ivar Duesund vart arrestert for å ha bistått den same aksjonen og lånt vekk båten sin til englandsfarten. Han vart henretta av tyskarane 22. oktober 1941 på Ulven. Broren Håkon omkom i uvær på veg til Shetland nokre månader seinare.

Den lokale skøyta Viking II gjekk ut her frå Sandnes 12. januar 1942 med 10 personar, derav 5 masfjordingar om bord. Dei kom vekk alle saman i uvær over Nordsjøen.

Og så om masfjordingane ikkje hadde lidd nok tap under krigen, så forliste også rutebåten Masfjord tidleg om morgonen 3. februar 1944 rett over sundet her då den var på veg frå Sandnes til Hosteland. 11 personar omkom. Dei fleste masfjordingar. Minnestøtte for desse vart sett opp her ved sida av kyrkjeporten i 2004, 60 år etter forliset.

Livet var ikkje enkelt for dei som sat att heime under krigen. Dei stilte opp for landet sitt, og kongen som var i England. Desse verdiane har brent seg fast i familiane våre år etter år, generasjon etter generasjon og gjer at me sjølvstekt heiser flagget både den 8. og den 17. mai.

No er det atter ufred i Europa og verdenspolitikken synes å vere ustabil nett slik den var for snart 100 år sidan.

Dei som opplevde krigen, også her i kommunen sa ofte: «Me må aldri gløyme» og «Det må aldri skje igjen».

No er det vårt ansvar å minne ungdommane våre på kva masfjordingane og resten av den norske ungdommen ofra for landet sitt for vel 80 år sidan, og å bevisstgjera dei om viktige verdiar i samfunnet vårt. Så er eg trygg på at det er nettopp den ballasten dei treng.

Som det står i siste verset av nasjonalsongen vår,

*«Også vi når det blir krevet,
for dets fred slår leir»*

Etter krigen var det ungdomslaga i Masfjorden som fekk reist denne minnestøtta til minne om dei masfjordingane som fall under krigen på same måte som den andre støtta her minnst heile 59 masfjordingar som fall under svenskekrigen i perioden 1808-1814.

I dag skal me minnst dei 12 som fall i innsats for konge og fedreland i 1940-1945:

Det var:

**Ole H. Sleire
Olav L. Reknes
Oskar L. Kvinge
Arne B. Sandnes
Ivar H. Duesund
Haakon H. Duesund
Martin A. Sandnes
Torgeir S. Stordal
Agnar M. Haukeland
Birger H. Wergeland
Gunnar K. Otterstad
Magnus J. Otterstad**

Me lyser fred over minnet deira!

Ordførar Erlend Kvamsdal

NYRENOVERT IDRETTSANLEGG PÅ HOSTELAND

I 2024 vart Nordbygda sentralidrettsanlegg totalrenovert. No kan me spela oss på; Naturgrasbane, kunstgrasbane, friidrettsanlegg med kunstdekte løpebaner, padelbane, basketbane, treningsapparat og fleire turvegar rundt anlegget.

Anlegget vart til i rekordfart! Det vart vedteke bygging av anlegg i mai 2024, og i oktober same år stod det ferdig.

Sjølve opningsfesten vart arrangert 1. juni i år – med både kake og konkurransar; Først barneløp for barnehagebarna, noko som viste stor idrettsglede blant dei aller yngste. Heile 21 lag stilte i ulike klassar i stafetten. Barn og ungdommar starta, så vaksenklasse, bedrifter og politikarklasse. Elles var det også ulike friidrettsøvingar.

Tekst og foto: Sigrun Haugsdal Reknes



Padelbana stod ferdig til påske, og me kan skryte av å ha den einaste bana av sitt slag i Nordhordland. På biletet over ser me ein ivrig padel-gjeng på påskeferie i Masfjorden;

Daniel Reknes Hoddevik, Ella Reknes Hoddevik, Marianne Reknes og leiar i idrettsrådet John Torsvik.



Frp vann politikar og administrasjonsstafetten



Administrasjonen sitt stafettlag



*Idrettsanlegget på Hosteland blir opna
Foto: Hege Molland Søvik*



*Idrettsanlegget på Hosteland
Foto: Masfjorden kommune*

KOMMUNEFOTBALL - EIN NY TRADISJON?

For andre år på rad har tilsette på kommunehusa i Masfjorden og i Gulen møttes til kommunal fotballduell. I år vart kampen arrangert i Masfjorden, og er meint som ein sosial hending for stive kontorfolk.

I fjor blei det overlegen siger til Gulen, i år stilte Masfjorden betre forberedt. Likevel tok Gulen ein knepen siger, 2 -3 til bortelaget.

Det å møtast utanfor kontora og bruke tid saman i ein heilt annan situasjon er godt for samhald og

miljø, og ein fin måte å drive lagbygging på ein enkel måte. Dei frammøtte kunne kose seg med å sjå på dei tilsette på kommunehusa på begge sidene av kommunegrensa, leike seg med ballen.

Når me no har hatt kamp to gongar, så me vågar me oss frampå med påstanden; no er kommune-kampen ein tradisjon!

Tekst: Sigrun Haugsdal Reknes

Foto: Mary Hope



**Me markerer 25-årsjubileum for
Masfjorden kommune sin tusenårsstad:
FJORDEN**

laurdag 23.august 2025

Denne dagen skal fjordabåten DS Oster gå lasta med folk og underhaldning frå kaien på Sandnes, via Duesund og andre gamle dampskipskaiar innover fjorden heilt til Matre.

Der vert det seremoni og markering av tusenårsstaden, og fleire kulturarrangement rundt i bygda.

Om kvelden vert det finale på Sandneskaféen med StepSisters og Jon Martin Skauge.

På dei neste sidene kan du lesa om arrangementet:

Velkommen ombord!



BLI MED PÅ KOMMUNEN SI MARKERING AV TUSENÅRSSTADEN

laurdag 23. august

I år er det 25 år sidan tusenårsskiftet og val av FJORDEN som tusenårsstad.

Dette ønskjer Masfjorden kommune å markera laurdag 23. august. Denne dagen skal fjordabåten DS Oster gå frå kaien på Sandnes og via Duesund og andre gamle dampskipskaiar innover fjorden heilt til Matre, der det blir seremoni og fleire kulturarrangement.

Politisk forankring

I møte 10.02.25, sak 12/25 gjorde formannskapet følgjande vedtak:

«Masfjorden kommune markerer 25-årsjubileum for fjorden som tusenårsstad ved å arrangera veteranbåttur med tilhøyrande kulturarrangement laurdag 23. august.

Masfjorden sjukeheim, heimetenesta, pensjonistar og eventuelt nokre skuleklassar får tilbod om også å delta på båttur fredag 22.august.»

«...Målet med veteranbåtturen er på ny å setja fokus på fjorden som tusenårsstad og møteplass. Det er både ønskjeleg og behov for å setja i stand dampskipskaiane og styrka dampskipskaiane som møteplass, samt tilrettelegging av gjestebrygger i samarbeid med bygdelag, grunneigarar og frivillige lag og organisasjonar.

Rådmannen set ned ei arbeidsgruppe som skal arbeida med både kort- og langsiktige tiltak for å imøtekoma desse behova.»

Arbeidsgruppa består av ordførar Erlend Kvamsdal (H), Geir Egil Haugsvær (Sp), Sveinung Toft (ass. rådmann) og Frank Kvinge (fagleiar kultur).

Myldring

For dei av oss som fekk oppleve fjordcruiset 1.nyttårsdag for 25 år sidan så hugsar me dette som ein stor folkefest med myldring på kaiane, ein full-lasta MS Bruvik med feststemde masfjordingar, og underhaldning på kaiane og om bord.

Me ønskjer å gjenskapa noko av dette. DS Oster er booka og klar til å ta oss med både inn og ut fjorden.

Båten kan ta med 268 passasjerar. Artistar, lag og organisasjonar er utfordra til å skapa fest på kaiane og om bord. På Matre opnar Bjørn West- muséet, Havforskningsinstituttet (HI) og Eviny dørene og tilbyr kulturarrangement og aktivitetar i den tida båten er der på laurdag. På Bjørn West-muséet får du servert konsert og kulturprogram av og med ungdommar frå Masfjorden. Det vert også markering av at det i år er 80 år sidan 2.verdskrig var over. Muséet er for øvrig ope heile dagen kl. 11-17. I Kinosalen hjå Eviny blir det vist historiske filmar frå kraftutbygginga i Matrefjella. Ved Havforskningsinstituttet vert det arbeidd med å tilby eit opplegg som viser litt av deira aktivitet på Matre.

Oster tek seg også ein runde i Indre Masfjorden parallelt med arrangementa på land.

RIKSKJENDISAR PÅ SCENA

Når båten kjem tilbake til Sandnes om kvelden vert det konsert & show med StepSisters og Jon Martin Skauge på Sandneskaféen. Desse artistane har blitt rikskjendisar etter at dei siste tida har stått for underhaldninga i NRK TV i beste sendetid om laurdagane.

Det vert lagt ut 90 billetter.

Her gjeld «først til mølla»-prinsippet.

Billetter kan du kjøpa her: www.hoopla.no og søk Sandneskaféen eller StepSisters.

StepSisters er ein vokaltrio med gnistrande sceneutstråling, lang fartstid og brei genre-messig erfaring, og består av Anne Veddeng, Lisbeth Sandvik og Kristin Bergsvik. Trioen TV-debuterte i Rune Larsen sitt "Evig Ung -When you are Old" på NRK og har seinare også vore med i «Nystemt i Nøsteboden» der dei for tida briljerer i beste sendetid på NRK.

I tillegg til soloprojekt har dei samarbeidd med ei rekke kjente namn, som Sissel Kyrkjebø, Tor Endresen, Johnny Logan, SKRUK, Voci Nobili, Ronan Keating, Helge Nilsen, Percy Sledge, Voksne Herrers Orkester, Collegium Musicum, Bluesettes', De Musikalske Dvergene, GospelCompagniet & Rune Larsen med fleire.

Trioen oppstod under innspeling av albumet til Larsen/Veddeng våren 2021 då dei tre songarane skulle legge bakgrunnskor på eit par av låtane,- verken meir eller mindre. Dei hadde ikkje sunge saman tidlegare, men allereie frå første tone merka dei ein heilt spesiell musikalsk kjemi, og dei skjønnte at dette var noko dei både burde og ville gjera noko med då trivselsfaktoren allereie var blitt skyhøg i gruppa:- StepSisters var eit faktum. Enkelte hevdar at særpreget og kvaliteten i stemmene, genreforståelsen og den gode samklangen i kombinasjon med levande



Frå «Nystemt i Nøsteboden» og beste sendetid i NRK:

StepSisters & Jon Martin Skauge

23.august kl 19.00

Sandneskaféen, Masfjordnes

Billetter på www.hoopla.no

Pubkveld etter konserten .

Arr. Masfjorden kommune og Sandneskaféen

formidling & sceneutstråling, gjer StepSisters til ei heilt spesiell musikalsk oppleving!

På denne konserten har dei med seg artist og gitarvirtuos Jon Martin Skauge. Dei starta samarbeidet i samband med TV-suksessen «Nystemt i Nøsteboden» der Jon Martin er musikalsk ansvarleg.

Konserten markerer punktum for 25-årsfesten for tusenårsstaden i Masfjorden.

Denne konserten må du ikkje gå glipp av! Her er det berre å snu seg rundt og kjøpa billett!

Etter konserten held festen fram med pubkveld med lokale trubadurar.

Dampskipskai	Avgang tid	Aktivitet
Masfjordnes	11:00	Kulturinnslag på kaien og om bord
Duesund	11:30	
Andvikgrend	12:00	
Solheim	13:00	
Matre	13:30 - 14:00	Seremoni ved dampskipskaien Tale v/ordfører. Kulturinnslag
	14:15 - 15:45	Kulturarrangement i Matre-bygda - Bjørn West-muséet - Eviny: Filmframsyning i Kinosalen - Havforskningsinstituttet: Omvisingar på anlegget Skyttelbuss mellom kai og arrangementsstader.
Matre	14:15-15:45	Minicruise med Oster rundt Matresøyna og der omkring for dei som ikkje ønskjer å følgja båten inn og/eller ut. Underhaldning om bord.
Avgang Matre	16:15	
Solheim	16:45	
Andvikgrend	17:45	
Duesund	18:15	
Masfjordnes	18:30	
Masfjordnes	19:00	Konsert på Sandneskaféen med Step Sisters og Jon Martin Skauge. Deretter pubkveld med lokale trubadurar

Gratis fjordcruise

Fjord-cruiset og kulturprogramma på Matre er ei gåve frå Masfjorden kommune og vil vera gratis for alle. Konserten med StepSisters og Jon Martin Skauge har inngangsbillett kr. 225.

Bilete frå Bjørn West-muséet:



Artistar

Om bord på DS Oster og på kaiane vil Nortopia, ei gruppe frå Fjon musikklag og toradarvirtuosen Vegard Kvestad stå for underhaldning.

Folkemusikktrioen Nortopia har utspring frå Voss og består av Johanne Mjøs på feler, Ingrid Sørheim på durspel og Kristian Wolski på cittern. Trioen er eit fyrverkeri av eit ensemble og framfører vakre og fengande melodiar i delikat samspel. Tradisjonsmusikken frå Vestlandet utgjer utspringet i deira musikalske uttrykk.

Vegard Kvestad er 17 år og er ein av landet sine fremste toradarspelarar. Han bur på Ostereidet og er tilknytt det rike folkemusikkmiljøet på Osterøy.

Fjon musikklag høyrer heime her i fjorden og har medlemmer frå ytre delen av kommunen. Etter ein del år med heller liten besetning har laget det sist året fått fleire nye medlemmer og hatt god musikalsk utvikling. På fjordcruiset stiller dei med eit ensemble som spelar fengande underhaldningsmusikk.

Servering

DS Oster har servering av betasuppe, vaflar, kaffi og mineralvatn. Me oppmodar bygdelag, skuleklassar eller andre om å laga til servering på kaiane. Særleg på Matre vil dette vera høgaktuelt. Så oppmodar me småbåtfolket om å slå følgje med Oster på turen. På Matre vert det lagt ut gjestebrygge like ved dampskipskaien.

Fredag 22.august

vert det i tida kl. 15-18 seniortur for bebuarar på sjukeheimen, omsorgsbustader mm og pensjonistlaga i kommunen. Båten vil ta opp passasjerar ved den gamle ferjekaien i Duesund og på ferjekaien på Sandnes.

Velkommen til å bli med på feiring av tusenårsfjorden!

Med helsing
Masfjorden kommune



DET SKJER LITT AV KVART PÅ BIBLIOTEKET



Eit møte med Trollhaugen si historie

I samarbeid med kulturavdelinga fekk me lagt til rette for konsertforedrag med pianist og forfattar Øyvind Aase som tidlegare i år gav ut boka si «Trolldhaugen- Edvard Griegs beste opus». Boka fortel både om Grieg sitt liv, korleis villaen på Trolldhaugen vart til, og betydninga heimen og tomta hadde for både han og kona sitt liv og virke. I tillegg fortel boka om utviklinga av Trolldhaugen som museum og noverande betydning for kunst- og kulturlivet i Bergen. Foredraget vart ispedd biletvisning og musikalske innslag av Grieg som Aase framførte sjølv.

Han seier følgjande om å vera gjest i kommunen vår, forresten for første gong: «Eg sette stor pris på at Masfjorden folkebibliotek inviterte meg til å besøkje Nordbygda skule 8. mai for å fortelja litt om den ferske boka mi om Trolldhaugen si historie. Det var også stor stas å få høve til å framføra klavermusikk av Grieg under arrangementet, sidan musikken komponisten skreiv på Trolldhaugen spelar ei viktig

rolle i boka. Eit svært lydhøyrte og mottakeleg publikum og eit flott opplegg frå arrangøren si side var med på å gjera det heile til ei inspirerende stund for meg. Grieg si favorittårstid var våren, og ekte masfjordblomar i gåve vart den best tenkjelege avrundinga denne vårkvelden kunne få!»

Me håpar at det blir fleire høve å ta imot han og andre her på biblioteket. Boka fekk svært gode omtalar i avisene og er tilgjengeleg i alle tre filialar. Me håpar at den med sin lettskrivne stil begeistrar både noverande og framtidige bokormar, lesehestar og musikkvenner og at denne komprimerte, oppdaterte kunnskapen og kjeldebruket også har god formidlingsverdi for skulane.

Frøbibliotek

Det vart tidlegare nemnt at biblioteket set i gang med frøbibliotek – eller, kort sagt, frøotek. Og no er me der! Bibliotekaren har samla saman ein del blome- og grønsakfrø frå eigen hage. 5. klasse frå Nordbygda skule laga frøposar, merka dei og gjorde

ein kjempefin jobb med å sortera og fordela frøa oppi posane. Nøyaktig, målretta og tålmodig - stor skryt til gjengen med sin svært engasjerte kontaktlærer Merethe! Samlinga er allereie teken i bruk av begeistra fjerdeklassingar, så me håpar at budskapen spreier seg.

Målet er å styrkja det biologiske mangfaldet i omgivnadene våre og sørgja for at svoltne pollinatorar får eit breiare matutval, og dessutan at me opp i det heile kan vera lite grann meir sjølvforsynte. Så, korleis fungerer opplegget no igjen?

Det er ganske enkelt: Besøk biblioteket og sjekk kva me har i det vesle arkivskrinet ved disken.



Så noterer du namnet ditt (om du vil), talet og type frøposar i kladdeboka som ligg på skrinet. Det er kjempefint om du etter kvart leverer inn frø òg, men det er inga forplikting.

Om du har noko du vil bidra med så er det berre å levera det inn til bibliotekaren og informera om kva slags frø det er. Veit ein ikkje kva det er så er det like greitt, berre at me veit at me ikkje veit – alltid koseleg med overraskingar! Innholdet i skrinet vert supplert fortløpande.



Sommarles er i gang!

Til slutt det aller viktigaste: Sommarles-kampanjen startar i byrjinga av juni. Den er lagd opp for elevar frå 1. til 7. klasse, men også førskuleelevar som kjem i 1. klasse til hausten og dei som går i 7. klasse no. Lag profil til barna på sommarles.no, så får dei lesa i veg. Då er det viktig å registrera alt som vart lest, slik at barna etter kvart kan få digitale trofé på nett og henta fysiske premiar på biblioteket. Barna treng ikkje berre lesa sjølv, dei kan også bli lesne til eller lytta til lydbøker – det er like fint! Om barnet har helserelaterte utfordringar med lesing så går det an å få tak i tilrettelagt lesestoff på tibi.no. Det er ei gratis bibliotekteneste der føresette registrerer barna og behova deira. Tenesta er forresten tilgjengeleg for alle aldersgrupper, men ein må vera myndig for å registrera seg. Sommarles-kampanjen er eit svært viktig opplegg for å fremja leseevne, lesemotivasjon og leseglede blant barn og ungdom, som skulane og biblioteket jobbar tett saman om. Samtidig er det også utruleg gøy, og me håpar at foreldre støttar oss i arbeidet med det. Kampanjen blir avslutta som vanleg med Sommarles-fest – og me gler oss allereie!

Då ønskjer biblioteket alle ein riktig god sommar. For opningstider i sommarferien følg med på facebook eller kommunens nettside.

NÅR HUKOMMELSEN SVIKTAR

- HUKOMMELSESTEAMET KAN HJELPE

Hukommelsesvanskar rammar mange, og for både den som opplever det og dei som står rundt, kan det vekke usikkerheit og uro. I Masfjorden kommune har me eit eige hukommelsesteam som står klare til å hjelpe – trygt, fagleg og med hjarta på rett plass.

Kven er me?

I Hukommelsesteamet i Masfjorden er me fagfolk med ulik bakgrunn og kompetanse:

Sjukepleiar, ergoterapeut, fysioterapeut og vernepleiar. Me samarbeider tett for å gi best mogleg hjelp til personar med kognitiv svikt og demenssymptom, og for å støtte pårørande som ofte står i ein krevjande situasjon.

Kva gjer me?

Me tilbyr heimebesøk, samtalar, kartlegging av hukommelse og funksjon, rettleiing, informasjon og hjelp til å planlegge ein god kvardag. Me samarbeider med fastlegen og andre tenester i kommunen for å sikre ei heilskapleg oppfølging.

Kvifor er det viktig med tidleg hjelp?

Jo tidlegare me kjem inn, desto betre kan me tilpasse kvardagen til den enkelte. Tidleg innsats kan bidra til betre meistring, meir tryggleik og at personen kan bu heime lenger med god livskvalitet.

Eit tilbod til både deg og dine

Hukommelsesteamet er ikkje berre for den som slit med hukommelsen – me er også her for familien. Pårørande får støtte, informasjon og rettleiing, og ikkje minst eit medmenneske å snakke med.

Ta kontakt – me er her for deg

Er du uroa over din eigen, eller eit medmenneske sin hukommelse? Ikkje nøl med å ta kontakt. Du treng



*F.v.: Eva Solheim (demenskoordinator),
Giedre Reknes (vernepleier), Sveinung Hope (fysioterapeut)
Framme Toril Areklett (ergoterapeut).*

ikkje tilvising frå lege for å snakke med oss. Saman kan me skape ein tryggare kvardag, med respekt for mennesket bak diagnosen.

Kontaktinfo:

Masfjorden legekantor, telefon: 56 16 63 00

Tekst: Hukommelsesteamet

«LÆRING I NÆRING» FOR 10.KLASSINGAR I MASFJORDEN KOMMANDE SKULEÅR

Nordhordland Næringslag i samarbeid med Jobbmot, kompetansesenter for ungdom og arbeid, har gjennomført pilotprosjektet «Læring i Næring» for 10.klassingar frå Radøy ungdomsskule og Årås skule.

«Læring i Næring» er henta frå Suldal Vekst, Nøringshagen i Ryfylke. Der starta idèen og dei har gjennomført modellen i 15 år med stort hell. Målet er at elevane skal få kunnskap om lokalt arbeidsliv, ulike yrkesretningar og at bedrifter får vist fram lokale karrieremoglegheiter i tillegg til at ungdom blir kjent med arbeidslivet sine krav og forventningar.

Tilbodet har vore for motiverte og interesserte 10. klassingar som skal jobba 35 timar i haustferien og/eller i vinterferien, og løna har vore lik dvs. 100 kr pr. time inkl. feriepengar etter modellen i Ryfylke. Bedrifta har forsikra ungdommen.

Me har dette skuleåret hatt 50 ungdommar i arbeid hjå 35 ulike arbeidsgjevarar, og me har fått svært gode tilbakemeldingar! Dette gjer at vi ønskjer å ekspandere skuleåret 2025 – 2026, og då vert 10.klassingar frå disse kommunane med:

- Fedje
- Masfjorden
- Solund
- Modalen
- Gulen
- Osterøy

I tillegg vert Radøy ungdomsskule og Årås skule med vidare. Dette betyr at ca. 270 elevar skal få søke på stillingar og då treng vi MANGE ulike arbeidsgjevarar i heile regionen!

Kva lærer ungdommen?

- Lese stillingsannonsar
- Lage søknad og CV
- Gå på intervju
- Bli tilsett og skrive arbeidskontrakt
- Skaffe seg skattekort
- Starte å betale pensjon m.m.
- Få attest



Medieomtale: Me har fått god medieomtale av «Læring i Næring»:

- Vestlandsrevyen 27. febr:
<https://tv.nrk.no/serie/distriktsnyheter-vestlandsrevyen/sesong/202502/episode/DKHO98022725#t=373s>
- God morgon Hordaland» 27.febr:
https://radio.nrk.no/serie/distriktsprogram-hordaland/sesong/202502/DKHO01004125?fbclid=IwY2xjawIutl5leHRuA2FlbQlXMAABHXiw-1vY75UOgmyB9n7ExThVw5xUy9rQ-DMwrVRHBcZsv-wAQ__p9Z0B_nVg_aem_4C0xDJKO1y7GhGvMZ9RPR-g#t=1h4m17s

Tekst: Vivian Kårbø, Nordhordland næringslag

STORTINGSVALET 2025

Røysterett og manntal

For kunne røysta ved Stortingsvalet må du ha stemmerett og vera innført i manntalet i ein kommune.

Du har røysterett dersom du oppfyller desse vilkåra:

- Norsk statsborger
- Har fylt 18 år innan utgangen av 2025
- Er, eller har vore, registrert i folkeregisteret som busett i Norge

Manntalet

Manntalet er ei oversikt over alle som har røysterett i ein kommune.

Du vert automatisk registrert i manntalet i den kommunen du er folkeregistrert som busett i den 30. juni 2025. Denne datoen vert kalla for skjæringsdatoen.

Dersom du har flytta, og ønskjer røysterett i den nye kommunen, må du melda flytting til folkeregisteret innan 30. juni.

Dersom du flyttar etter 30. juni, har du røysterett i kommunen du flyttar frå.

Manntalet vert lagt ut på desse stadane ca. 15. juli:

Hosteland røystekrins:

Nordbygda senter, biblioteket og sjukeheimen

Masfjorden røystekrins:

Kommunehuset, butikken Kvingo

Matre røystekrins:

Biblioteket og butikken på Haugsvær

Dersom namnet ditt ikkje står i manntalslistene, det er andre feil i listene eller du står oppført i feil krets, kan krav om retting (med grunngjeving) sendast skriftleg til Valstyret i Masfjorden kommune, Austfjordvegen 2724, 5981 Masfjordnes eller på e-post til post@masfjorden.kommune.no



Når og kvar kan du røysta?

Tidlegrøysting

Frå 1. juli til 8. august kan du tidlegrøysta i kva som helst kommune dersom du ikkje har moglegheit til å stemma i den ordinære førehandsperioden eller på valdagen.

Røystestad og – tidspunkt i Masfjorden kommune vert då på kommunehuset mellom kl. 09:00-15:00.

Ein må leggja fram godkjent legitimasjon før ein får høve til å røysta.

Tidlegrøysting er meint som ei ordning for dei som ikkje har høve til å røysta innafor ordinær førehandsrøystingsperiode eller på valtinget. Dei som ønskjer å tidlegrøysta, må ta kontakt med kommunen på telefon 56 16 62 00 og avtala tidspunkt.

STORTINGSVALET 2025

Førehandsrøysting

Masfjorden kommune:



Kommunehuset, Sandnes	11. aug. - 5. september	09:00 – 15:00
Biblioteket på Matre	torsdag 28. august	13:00 – 18:30
Sjukeheimen, Hosteland	tysdag 2. september	10:00 – 12:00
Biblioteket på Hosteland	tysdag 2. september	13:00 – 19:00
Fensfjordbygget, Hosteland	fredag 5. september	12:00 – 18:00
Butikken på Kvingo	fredag 5. september	12:00 – 18:00
Butikken på Haugsvær	fredag 5. september	12:00 – 18:00

Røysta heime

Veljarar som på grunn av sykdom eller uførheit ikkje kan røysta i eit valglokale kan søkja om å få røysta heime eller der dei er. Du må søkja kommunen om å få røysta heimme eller der du er. Det er tilstrekkeleg å ta munnleg kontakt, og ikkje nødvendig med skriftleg søknad.

Når du kontaktar kommunen må du oppgje årsaka til at du ønskjer å nytta deg av moglegheita til å røysta heime. Det er ikkje et krav om dokumentasjon, og det held difor å fortelja kvifor du ønskjer å røysta heimefrå.

Frist for å søkja om heimerøysting: Torsdag 4. september kl. 12.00.

På valdagen 8. september 2025

held Masfjorden kommune valting på følgjande stader:

Hosteland røystekrins	Nordbygda skule
Masfjordnes røystekrins	Kommunehuset
Matre røystekrins	Matre skule

Opningstida for valtinget vert

frå kl. 11:00 til kl. 18:00

Meir informasjon finn du på valg.no

Hugs legitimasjon!

KONTAKTINFORMASJON



MASFJORDEN KOMMUNE

Telefon: 56 16 62 00

Epost: post@masfjorden.kommune.no

Post- og besøksadresse:

Masfjorden kommune

Austfjordvegen 2724

5981 MASFJORDNES

www.masfjorden.kommune.no

FRIST FOR INNSENDING TIL MASFJORDINGEN

Bladet skal vera klart til utsending
10 dagar etter fristen: 10. september

Notér datoen i årshjulet
for organisasjon din.

Få med både førehandsomtale
og del gjerne bilete og minneverdige
stunder frå hendinga i etterkant,
slik at folk i bygdene kan få
eit innblikk i det som skjer.

ARBEIDSGRUPPA FOR MASFJORDINGEN

sveinung.toft@masfjorden.kommune.no

frank.kvinge@masfjorden.kommune.no

mary.hope@masfjorden.kommune.no

[sigrun.haugsdal.reknes@](mailto:sigrun.haugsdal.reknes@masfjorden.kommune.no)

masfjorden.kommune.no

torbjorn.saele@kyrkjaimasfjorden.no

eli.eidsnes@kyrkjaimasfjorden.no

alf.holmaas.helland@kyrkjaimasfjorden.no

Formgjeving: Mary Hope

KYRKJA

Tlf. 56 16 62 61

e-post: post@kyrkjaimasfjorden.no

Kyrkjevevjerje: Eli Eidsnes

Tlf.: 56 16 62 61/906 13 515

E-post kyrkjevevjerja@kyrkjaimasfjorden.no

Sokneprest: Torbjørn Sæle

Tlf.: 56 16 62 63/ 951 41 685

E-post: torbjorn.saele@kyrkjaimasfjorden.no

Konfirmantarbeidar: Alf Holmaas Helland

Tlf. 920 20 148

E-post:

alf.holmaas.helland@kyrkjaimasfjorden.no

Sekretær: Tetiana Puliaieva

Tlf. 56166269

E-post: tetiana.puliaieva@kyrkjaimasfjorden.no

Organist: Boris Kuprijanov

Tlf. 920 60 993

E-post: kuprbor@gmail.com

Kyrkjegardsarbeidar: Remi Kallekleiv

Tlf. 941 43 716

www.masfjorden.kyrkja.no

Vipps Masfjorden sokn: 620513

**Informasjon om ledige stillingar i kyrkja frå
1.september finn du på kyrkja si nettside
[og arbeidsplassen.nav.no](http://og.arbeidsplassen.nav.no)**

Nettutgåva av Masfjordingen: <https://www.masfjorden.kommune.no/artikkel/masfjordingen>

Framsida: Minnemarkeringa ved Bjørn Westmusæet for dei falne under 2.verdskrigen. Foto: Sigrun Haugsdal Reknes